

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2022/58823-100
Saksbehandler: Kristian Valen
Avdeling: Seksjon for kulturarv

Regionalplan for kulturmiljø – Vedtak av plan

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utval
		Ungdommens fylkesråd
		Fylkesrådet for funksjonshemma
		Eldrerådet
		Regional-, kultur- og næringsutvalet
		Fylkesutvalet
		Fylkestinget

Vedlegg:

- 1 Regionalplan for kulturmiljø mai 2023
- 2 Handlingsprogram mai 2023
- 3 Oversikt over kulturmiljø av regional interesse mai 2023
- 4 Ei *Kulturhistorie for Rogaland* mai 2023
- 5 Oppsummering av høringsuttalar med kommentarar
- 6 Alle høringsuttalane

Digitale vedlegg:

- 7 [Oversikt over kulturmiljø av regional interesse i Temakart-Rogaland](#)

Samandrag

Regionalplan for kulturmiljø vert lagt fram for sluttbehandling og vedtak.

Føremålet med regionalplan for kulturmiljø har vore å utarbeide og utvikle ein samordna kulturmiljøpolitikk for fylket, og bidra til bevaring, bruk og utvikling av kulturmiljø. Planen har i så måte to funksjonar: Han inneheld visjon, målsettingar, strategiar og handlingsplan for fylkeskommunen si eiga forvaltning og tenesteproduksjon på feltet. I tillegg inneheld planen felles mål og satsingsområde i samarbeid med kommunane, statlege verksemder og aktørar i det profesjonelle og frivillige kulturmiljøfeltet.

Planen har vore på høyring frå 7. desember 2022 til 15. februar 2023.

Saka gjer greie for planen med tilhøyrande dokument, for planprosess og medverking. Gjennom høyringsprosessen har det kome fram at det er brei tilslutning til mål og strategiar, og til dei utvalde kulturmiljøa med regional interesse.

Fylkesdirektørens innstilling

1. Fylkestinget vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-4 Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035, med tilhøyrande oversikt over kulturmiljø av regional interesse, handlingsprogram og *Ei kulturhistorie for Rogaland*.
2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gjera mindre redaksjonelle endringar og layoutforbetringar i plandokumenta etter vedtak.
3. Fylkestinget skal vedta framtidige endringar og nye miljø i oversikta over kulturmiljø av regional interesse. Fylkesutvalet kan sende forslag til endringar og nye kulturmiljø på høyring.
4. Oppdatering av tekst og bilete for kulturmiljø av regional interesse som allereie er ein del av den vedtekne oversikta, kan gjerast av fylkesdirektøren.

Gunn Claire Westad
fylkesdirektør

Kate I. Jellestad Syvertsen
Kst. avdelingssjef

Eldrerådets behandling av sak 33/2023 i møte den 22.05.2023:

Behandling

Votering

Innstillingen ble enstemmig vedtatt.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-4 Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035, med tilhøyrande oversikt over kulturmiljø av regional interesse, handlingsprogram og Ei kulturhistorie for Rogaland.
2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gjera mindre redaksjonelle endringar og layoutforbetringar i plandokumenta etter vedtak.
3. Fylkestinget skal vedta framtidige endringar og nye miljø i oversikta over kulturmiljø av regional interesse. Fylkesutvalet kan sende forslag til endringar og nye kulturmiljø på høyring.
4. Oppdatering av tekst og bilete for kulturmiljø av regional interesse som allereie er ein del av den vedtekne oversikta, kan gjerast av fylkesdirektøren.

Ungdommens fylkesråds behandling av sak 48/2023 i møte den 22.05.2023:

Behandling

Innstillingen ble enstemmig vedtatt.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-4 Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035, med tilhøyrande oversikt over kulturmiljø av regional interesse, handlingsprogram og Ei kulturhistorie for Rogaland.
2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gjera mindre redaksjonelle endringar og layoutforbetringar i plandokumenta etter vedtak.
3. Fylkestinget skal vedta framtidige endringar og nye miljø i oversikta over kulturmiljø av regional interesse. Fylkesutvalet kan sende forslag til endringar og nye kulturmiljø på høyring.
4. Oppdatering av tekst og bilete for kulturmiljø av regional interesse som allereie er ein del av den vedtekne oversikta, kan gjerast av fylkesdirektøren.

Fylkesrådet for funksjonshemmedes behandling av sak 56/2023 i møte den 22.05.2023:

Behandling

Bjørg Tysdal Moe, Krf fremmet følgende tilleggsforslag:

Fylkesrådet for funksjonshemmede ber om at prinsippet universell utforming innarbeides i visjonen.

Votering

Innstillingen samt Moes tilleggsforslag ble enstemmig vedtatt.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-4 Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035, med tilhøyrande oversikt over kulturmiljø av regional interesse, handlingsprogram og Ei kulturhistorie for Rogaland.
2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gjera mindre redaksjonelle endringar og layoutforbetringar i plandokumenta etter vedtak.
3. Fylkestinget skal vedta framtidige endringar og nye miljø i oversikta over kulturmiljø av regional interesse. Fylkesutvalet kan sende forslag til endringar og nye kulturmiljø på høyring.
1. Oppdatering av tekst og biletet for kulturmiljø av regional interesse som allereie er ein del av den vedtekne oversikta, kan gjerast av fylkesdirektøren.

Fylkesrådet for funksjonshemmede ber om at prinsippet universell utforming innarbeides i visjonen.

Regional-, kultur- og næringsutvalgets behandling av sak 45/2023 i møte den 25.05.2023:

Behandling

Vurdering av habilitet:

Margrete Dysjaland (FrP) og Sigmund Slettebø (Sp) om å få vurdert sin habilitet i saken da de er grunneiere i planområdet.

Utvalget vedtok enstemmig at Dysjaland og Slettebø ikke var inhabile i saken.

Asle Rafdal (Arbeiderpartiet) fremmet følgende tilleggsforslag til innstillingen:
Under punkt 2, etter siste setning: Ferdig kulturminneplan og heftet "Ei kulturhistorie for Rogaland" trykkes opp i nødvendig eksemplar til fordeling.

Bjørg Tysdal Moe (Kristelig Folkeparti) fremmet følgende endringsforslag: på vegne av Ap, H, Sp, V og KrF:

I første avsnitt under visjon byttes eller "fysiske føresetninger" ut med funksjonsnedsetting.

Votering:

Innstillingen med endringsforslag fremmet av Tysdal Moe ble enstemmig vedtatt.
For tilleggsforslaget fremmet av Rafdal stemte 14: Asle Rafdal (Ap), Inghild Vanglo (Ap), Kjartan Øvstdal (Ap), Ove Evertsen (FP), Leif Arne Moi Nilsen (FrP), Margrete Dysjaland (FrP), Lasse Anfinsen Fredheim (H), Lisbeth von Erpecom Vikse (H), Terje Hetland (H), Bjørg Tysdal Moe (KrF), Bente Gro Milwertz Slettebø (Sp), Sigmund Slettebø (Sp), Monika Kvilaugsvik (SV), Unni Fuglestad (V) Imot forslaget stemte 1: Susanne Heart (UAVH). Dermed er tilleggsforslaget vedtatt.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-4 Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035, med tilhøyrande oversikt over kulturmiljø av regional interesse, handlingsprogram og Ei kulturhistorie for Rogaland.
2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gjera mindre redaksjonelle endringar og layoutforbetringar i plandokumenta etter vedtak. Ferdig kulturminneplan og

heftet "Ei kulturhistorie for Rogaland" trykkes opp i nødvendig eksemplar til fordeling.

3. Fylkestinget skal vedta framtidige endringar og nye miljø i oversikta over kulturmiljø av regional interesse. Fylkesutvalet kan sende forslag til endringar og nye kulturmiljø på høyring.
4. Oppdatering av tekst og bilete for kulturmiljø av regional interesse som allereie er ein del av den vedtekne oversikta, kan gjerast av fylkesdirektøren.

I første avsnitt under visjon byttes eller "fysiske føresetninger" ut med funksjonsnedsetting.

Fylkesutvalgets behandling av sak 148/2023 i møte den 06.06.2023:

Behandling

Habilitet

Margrete Dysjaland, FrP ba om å få sin habilitet vurdert, hun er grunneier for en eiendom hvor et kulturminne befinner seg.

Fylkesadvokaten vurderer Dysjaland habil til å behandle saken, da det ikke foreligger direkte inhabilitet jf fvl § 6-1, ei heller særegne forhold egnet til å svekke tilliten, jf fvl §6-2.

Fylkesutvalget fant Dysjaland habil til å behandle saken.

Votering

Innstillingen ble enstemmig vedtatt.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-4 Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035, med tilhøyrande oversikt over kulturmiljø av regional interesse, handlingsprogram og Ei kulturhistorie for Rogaland.
2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gjera mindre redaksjonelle endringar og layoutforbetringar i plandokumenta etter vedtak. Ferdig kulturminneplan og heftet "Ei kulturhistorie for Rogaland" trykkes opp i nødvendig eksemplar til fordeling.
3. Fylkestinget skal vedta framtidige endringar og nye miljø i oversikta over kulturmiljø av regional interesse. Fylkesutvalet kan sende forslag til endringar og nye kulturmiljø på høyring.
4. Oppdatering av tekst og bilete for kulturmiljø av regional interesse som allereie er ein del av den vedtekne oversikta, kan gjerast av fylkesdirektøren.

I første avsnitt under visjon byttes eller "fysiske føresetninger" ut med funksjonsnedsetting.

Fylkestingets behandling av sak 77/2023 i møte den 13.06.2023:

Behandling

Habilitet

Margrete Dysjaland, FrP ba om å få sin habilitet vurdert, hun er grunneier for en eiendom hvor et kulturminne befinner seg.

Sigmund Slettebø, SP ba om å få sin habilitet vurdert, han er grunneier for det utvidete området.

Fylkesadvokaten vurderer både Dysjaland og Slettebø til å være habile til å behandle saken, da det ikke foreligger direkte inhabilitet jf fvl § 6-1, ei heller særegne forhold egnet til å svekke tilliten, jf fvl §6-2.

Fylkestinget fant Dysjaland og Slettebø habile til å behandle saken.

Votering

Innstillingen ble enstemmig vedtatt.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-4 Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035, med tilhøyrande oversikt over kulturmiljø av regional interesse, handlingsprogram og Ei kulturhistorie for Rogaland.
2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gjera mindre redaksjonelle endringar og layoutforbetringar i plandokumenta etter vedtak. Ferdig kulturminneplan og heftet "Ei kulturhistorie for Rogaland" trykkes opp i nødvendig eksemplar til fordeling.
3. Fylkestinget skal vedta framtidige endringar og nye miljø i oversikta over kulturmiljø av regional interesse. Fylkesutvalet kan sende forslag til endringar og nye kulturmiljø på høyring.
4. Oppdatering av tekst og bilete for kulturmiljø av regional interesse som allereie er ein del av den vedtekne oversikta, kan gjerast av fylkesdirektøren.

I første avsnitt under visjon byttes eller "fysiske føresetninger" ut med funksjonsnedsetting.

Bakgrunn for saka

I *Utviklingsplan for Rogaland, Regional planstrategi 2021-2024* vart det vedtatt å utarbeide ein regionalplan for kulturmiljø. Fylkeskommunen er regional planmyndigkeit og sektormyndigkeit for kulturmiljø, og fylkeskommunen har særleg ansvar for å ivareta nasjonale og regionale kulturmiljøverdiar. For kommunane har fylkeskommunen og ei viktig rettleiarrolle. Med regionreforma fekk fylkeskommunen meir ansvar og fleire oppgåver på kulturmiljøfeltet, og det vart peika på behov for tydelegare føringar.

Planarbeidet starta i 2020. Det vart då oppretta ei politisk styringsgruppe og ei administrativ prosjektgruppe med brei deltaking frå kommunar, museum og frivillige organisasjonar. Begge gruppene har hatt jamlege møte gjennom heile prosessen. Det er og gjennomført ei rekke innspelsmøter med kommunane og andre aktørar.

Planprogrammet vart vedtatt av fylkesutvalet 08.06.2021, sak 130/21. Det avgrensa og prioriterte problemstillingar og aktuelle plantema og peika samstundes på kva kunnskapsgrunnlag det var behov for. I 2021 og 2022 vart det gjennomført kunnskapsinnhenting og utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag som underlag for planen.

Fylkesutvalet vedtok 29.11.2022, sak 243/22, å legga planen ut på offentleg ettersyn. Planen vart sendt på høyring 7. desember 2022 med høyringsfrist 15. februar 2023. Planforslaget er omarbeidd etter høyringa.

Problemstilling

Høyring av regionalplan for kulturmiljø er gjennomført, og fylkesdirektøren legg fram reviderte plandokument til sluttbehandling og vedtak.

Plandokumenta er endra som følge av innspel i høyringsprosessen. Endringane er av ein slik karakter at det ikkje er naudsynt å legge planen ut på ny høyring

Saksopplysningar

Planen skal bidra til å klargjere dei regionale kulturmiljøinteressene, setje rammer, retning og føringar for bevaring og utvikling av kulturmiljø i Rogaland.

Planen har to funksjonar: Han inneheld visjon, målsettingar, strategiar og tiltak for fylkeskommunen si eiga forvaltning og tenesteproduksjon på feltet. Planen skal også syna kva som er vesentlege regionale interesser på kulturmiljøfeltet. I tillegg inneheld planen felles mål og satsingsområde for - og i samarbeid med - kommunane, statlege verksemder og aktørar i det profesjonelle og frivillige kulturmiljøfeltet.

Omgrepet kulturmiljø

I planen er omgrepet *kulturmiljø* brukt på to måtar, overordna som omgrep for kulturmiljøfeltet samla, og konkret for å peika på avgrensa område med viktige kulturminneverdiar – det fylkesdirektøren referer til som kulturmiljø av regional interesse.

I samband med kulturmiljømeldinga (Meld. St. 16 (2019–2020)) vart kulturmiljø innført som eit samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og landskap – til bruk i forvaltninga når heile dette feltet blir omtalt samla. Omgrepet skulle også understreke tydinga av heilskap og samanheng og gjere tilknytinga til anna klima- og miljøpolitikk tydelegare.

Samstundes blir «kulturmiljø» nytta om eit geografisk avgrensa område der kulturminneverdiane samla sett utgjer eit «miljø».

Overordna føringar, visjon, mål og strategiar

FN sine berekraftsmål og *Utviklingsplan for Rogaland* – regional planstrategi 2021–2024 er lagt til grunn i utarbeiding av regional plan for kulturmiljø.

Kulturmiljø er ikkje-fornybare samfunnsgode og -ressursar som kan bidra til både miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. *Regionalplan for kulturmiljø* er i så måte ein del av Rogaland sin innsats for berekraftig utvikling og sterke fellesskap i heile Rogaland.

Vidare følger planen opp dei langsiktige måla i utviklingsplan for Rogaland:

- Klimaomstilling og livskraftig naturmiljø
- Konkurransedyktig region
- Helsefremmende og inkluderende samfunn
- Attraktive lokalsamfunn, byer og tettsteder

Regionalplanen skal bidra til klimaomstilling og livskraftig naturmiljø. Kulturmiljø er ein naturleg del av sirkulærøkonomien, der ressursar skal takast vare på og brukast om igjen framfor å rive og bygge nytt. Kulturmiljøvernet er tufta på vern gjennom bruk. Sjølv om brukstanken er gammal, og vern er ei vidareføring av gamle tradisjonar i seg sjølv. Bevaring av kulturlandskap bidreg også til å bevare naturmangfald. I tillegg heng kulturvern og naturvern godt saman, både i skogen, i kulturlandskapet og på fjellet.

Regionalplanen skal bidra til å gjøre Rogaland til ein konkurransedyktig region gjennom å legge til rette for bruk av kulturmiljø i lokal samfunnsutvikling, mellom anna innan reiseliv. I tillegg skal regionalplanen bidra til betre forvaltning av kulturmiljø, betre kunnskap og meir føreseielegheit, som vil vere positivt for næringslivet.

Kulturmiljø bidreg til eit helsefremjande og inkluderande samfunn på ulike måtar. I Rogaland skal alle kunne engasjere seg og ta vare på kulturmiljø. Gjennom å bidra til identitetsskaping, ved at folk beveger seg i natur og oppsøker kulturmiljø for å oppleve og ta inn inntrykk, eller gjennom frivillig engasjement for bevaring av kulturmiljø med meiningsfylte aktivitetar og sosialt fellesskap, kan kulturmiljø gi positive effektar for fysisk og psykisk helse.

Regionalplanen bidreg til attraktive lokalsamfunn, tettstader og byar i Rogaland særleg gjennom å bygge opp om lokal identitet. Kulturmiljø er grunnlaget for at Rogaland er som det er, og bevaring og bruk av kulturmiljø bidreg til at kvart lokalsamfunn har sitt sær preg. Berekraftig utvikling av stader inneber å bygge omgjevnadane med grunnlag i stadens eigenart, struktur og lokale kulturminne og kulturmiljø. Regionalplanen skal bidra til både bu- og besøksattraktivitet.

På bakgrunn av dette er det utarbeidd følgande visjon og overordna mål for regionalplan for kulturmiljø:

Visjon: Rogaland tek vare på – og verdset – kulturmiljøa sine som viktige ressursar i ei berekraftig samfunnsutvikling.

Mål:

1. I Rogaland tek me vare på eit mangfald av kulturmiljø slik at spor frå heile historia om Rogaland, frå steinalder og fram til i dag, kan opplevast, brukast og gje kunnskap – no og i framtida.
2. I Rogaland har me god kunnskap om kulturmiljøa våre og korleis dei bidreg til å gje eigenart og identitet til stader og folk.
3. I Rogaland kan alle engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø. Me nyttar kulturarv og kulturmiljø til å skape trivsel, tilhørslle og unike opplevelingar.

Kva inneheld planen

Regionalplan for kulturmiljø består av fire hovuddeler:

1. Plandokumentet *Regionalplan for kulturmiljø*
2. Handlingsprogram
3. Oversikt over kulturmiljø av regionale interesse
4. *Ei kulturhistorie for Rogaland.*

Plandokumentet

gir strategisk retning og prioriteringar for det offentlege sin innsats på kulturmiljøfeltet. Planforslaget gir vidare føringar for forvaltning av kulturmiljø gjennom regionale planretningslinjer og gjennom å definere og skildre regionale interesser på kulturmiljøfeltet. Regionalplanen skal vere eit verktøy for å bidra til god utvikling og forvaltning.

Innleiingsvis blir fylkeskommunen si rolle i kulturmiljøpolitikken klargjort, og planen si form, prosess, innhald, målgruppe og kunnskapsgrunnlag blir skildra.

Deretter vert det gjort greie for dei overordna hovudutfordingane på kulturmiljøfeltet: Desse er arealendringar, manglande bruk og skjøtsel og klimaendringar. Kulturmiljøa sitt potensiale som ressurs i framtidig samfunnsplanlegging blir samstundes løfta fram.

Visjon, mål og strategiar, regionale kulturmiljøinteresser og planretningslinjer er omtalt i eigne kapittel.

Planprosess, organisering og medverking vert utførleg skildra.

Dei overordna rammene og føringane blir gjort greie for, medrekna korleis fylkeskommunen sine eigne planer ligg til grunn eller kryssar inn på kulturmiljøfeltet, og korleis nasjonal- og internasjonal politikk legg føringar og premiss for det regionale kulturmiljøarbeidet, slik som til dømes FNs berekraftsmål, ulike stortingsmeldingar og Riksantikvarens strategiar.

Avslutningsvis blir konsekvensane planen kan få for miljø og samfunn greidd ut, jamfør krav til regionalplanar i plan- og bygningslova. Samla sett blir dei positive verknadene av planen vurdert til å vege opp for dei negative verknadene.

Handlingsprogrammet

konkretiserer kva tiltak som skal gjennomførast dei neste åra for å oppnå ønska utvikling. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg, og tiltak er i hovudsak konkretiserte for dei nærmaste åra. Så langt det har vore råd er kostnadene skissert, nærmere bestemt det fylkesdirektøren ser føre seg som det fylkeskommunale bidraget. Handlingsprogrammet inneholder tiltak både for fylkeskommunane, kommunane, musea og frivillige – både som hovudansvarlege eller som medansvarlege og samarbeidspartar.

Kulturmiljø av regional interesse

er ei oversikt over definerte avgrensa område som på ulike måtar og samla sett inneholder kulturmiljøverdiar av regional interesse. Oversikta/lista over kulturmiljø av regional interesse skal leggast til grunn for vidare forvaltning av områda.

Desse områda er avmerka på kart, og kulturmiljøverdiane med vurderingar, er utførleg skildra for kvart område.

[Sjå oversikten over kulturmiljø i temakart-Rogaland.](#)

Ved framlegging av plan for vedtak inneholder oversikta:

- 185 kulturmiljø av regional interesse
- 60 kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse som først er ein del av Riksantikvarens nasjonale register over kulturmiljø og landskap (NB!-registeret og KULA), Utvalde kulturlandskap i jordbruksmiljøet (UKL) og freda område og kulturmiljø (Askeladden).

I plandokumentet blir det gjort greie for prinsipp, metode og kriteria som er nytta når kulturmiljø av regional interesse har blitt valde ut, og kva det vil seie at eit område er oppført i oversikta.

Overordna blir følgande definisjon lagt til grunn:

Eit kulturminne, kulturmiljø eller kulturhistorisk landskap har vesentleg regional interesse om det kan knytast til ein viktig regional eller nasjonal historie eller regionale eller nasjonale særtrekk.

Det er utarbeidd overordna regionale retningslinjer for forvaltning av kulturmiljøa.

Retningslinjene for forvaltning av kulturmiljø legg føringar for planprosessar i kommunane og skal bidra til ei betre og meir føreseieleg forvaltning på tvers av kommunegrenser.

Oversikten er ikkje direkte bindande med omsyn til arealbruk slik som i ein reguleringsplan, og markeringane/avgrensingane representerer ikkje omsynssoner.

Ei kulturhistorie for Rogaland

tek føre seg dei viktigaste regionale utviklingstrekkene gjennom 11 000 år og prøver samstundes å klargjere og skildre regionale særprege.

Teksten, som er eit vedlegg, er i hovudsak skriven av historikar og journalist Tom Hetland, i samarbeid med fylkesdirektøren. I tillegg har mellom anna historikar Birger Lindanger, marinarkæolog Arild S. Vivås og dei tidlegare fylkeskultursjefane Egil H. Grude og John G. Johnsen bidrige med gjennomlesing og tekstdokumentasjon. Den politiske

styringsgruppa og fleire med dei har ønska at denne skal trykkast opp, noko fylkesdirektøren vil følga opp etter planvedtak.

Planprosess og organisering

Planarbeidet er gjennomført i tråd med reglane for regionale planar i plan- og bygningslova, der medverking er eit viktig element i planprosessen.

Fylkesdirektøren ved Kultur- og næringsavdelinga har utarbeidd planen og organisert gjennomføringa av planarbeidet. Prosessen har vore leia av ein prosjektleiar og eit sekretariat med medlemmer frå kultur- og næringsavdelinga og plan-, miljø- og samfunnsavdelinga. Ei brei intern medverking har blitt ytterlegare forsterka gjennom dialog med andre avdelingar.

Planarbeidet har vore organisert med ei politisk styringsgruppe og ei administrativ prosjektgruppe som begge har hatt jamlege møte gjennom heile prosessen. Alle regionane i fylket, musea og fleire organisasjoner har vore representerte og direkte involverte i planarbeidet gjennom deltaking i desse gruppene. I samband med utarbeiding av oversikta over kulturmiljø av regional interesse har det vore gjennomført møte med kvar einskild kommune.

Styringsgruppa har gjennomført faglege synfaringar og møter med eigalarar, kommunar, frivillige, næringsliv, museum og andre aktørar for å få kunnskap og belysa ulike problemstillingar.

Både styringsgruppa og prosjektgruppa har gjeve tilslutning til endeleg forslag til plan.

Høyring av planen

Fylkesutvalet vedtok einstemmig, 29.11.22, sak 243/2022 å sende planen på høyring:

Fylkesutvalet vedtar i samsvar med plan- og bygningsloven § 8-3 at Regionalplan for kulturmiljø, med handlingsprogram, kulturhistorie og oversikt over kulturmiljø, blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Planen har vore på høyring mellom 7. desember 2022 til 15 februar 2023.

Høyringsbrev vart sendt ut til ei rekke instansar etter vedtaket i fylkesutvalet. Informasjon om høyringa vart og lagt ut på fylkeskommunen si nettside og på Facebook.

I høyringsperioden vart det gjennomført fire fysiske høyringsmøte, der totalt 95 representantar frå mellom anna kommunane, frivillige organisasjoner, offentlege organ, kulturliv og næringsliv deltok.

- 12. januar på Gamlaværket i Sandnes
- 13. januar på Haugalandmuseet i Haugesund
- 17. januar i Sangarlosjen i Eigersund
- 18. januar i Folkets hus i Sauda

Høyringsmøtene for kulturmiljøplanen vart samkjørte med høyringsmøta for planprogram for regionalplan for kultur, og fylkeskommunen hadde brei tverrfagleg representasjon på alle høyringsmøta.

Fylkesdirektøren har i tillegg delteke i møter med og presentert planen for Dalanerådet, Ryfylkerådet, Haugalandsrådet, Arkeologisk museum, Museum Stavanger og Stavanger arkitektforening.

Fleire ba om utsett høyringsfrist, i første rekke for å kunne legga den fram for politisk behandling, og mange høyringsinnspele vart difor ikkje motteke før i slutten av mars.

Fylkesdirektøren har motteke 48 skriftlege høyringsuttaler, 22 frå kommunar, fem frå statlege aktørar, seks frå museum og stiftingar, 11 frå ulike organisasjonar og fire frå andre aktørar.

I høyringsuttalene vert det i stor grad gitt støtte til planen, både til overordna plangrep med dei fire plandelane, mål og strategiar og til utvalet av kulturmiljø av regional interesse. Til sistnemnde handlar dei aller fleste endringsforsлага om utviding av kulturmiljø som allereie inngår i oversikta eller om forslag til nye/andre kulturmiljø og kulturminne som ein gjerne ville hatt med på lista.

To høyringssvar kom inn etter fristen, desse gjeld konkrete kulturmiljø i Sauda og i Sokndal, og vart sendt inn på bakgrunn av politisk behandling av planen i dei respektive kommunane. Innspele er difor tekne med og kommentert saman med øvrige innspele.

Endringar etter høyringa

I sjølve plandokumentet er det gjort fleire endringar etter høyringa, i første rekke i form av presiseringar og tydeleggjering, men fleire nye moment er også tatt inn, nevnt eller gitt særleg omtale for å understreka poeng eller for å anerkjenna spesifikke fagfelt, kulturminne eller problemstillingar. Dokumentet er også endra for å gjera det enklare å lesa:

- Samandraget er korta betydeleg ned
- I mål nr 1 er «undersøkjast» bytta ut med «gje kunnskap» for å unngå samanblanding med arkeologiske undersøkingar etter kulturminnelova.
- I mål 3 er formuleringa endra og «engasjement» er tatt inn og særleg vektlagt i ny målformulering
- Immateriell kulturarv, og særleg samanhengen med den materielle kulturarven vert løfta fram, og inkludert i fleire strategiar
- Økonomi er tatt inn som ei eiga utfordring
- Kulturminne i sjø er nevnt spesifikt fleire stadar i planen
- Konsekvensar for landbruket er tatt med i vurderinga av verknader for miljø og samfunn
- Det er gjort justeringar av formuleringar i planretningslinjene for å gjere dei tydelegare og meir forståelege, og det er lagt til nummerering av dei.
- Retningslinjene for landskap er endra, slik at det kjem betre fram kva som er viktig å ta vare på, kva kulturminne i kulturlandskapet det kan vere viktig å ta vare på og for å understreka at fortsett jordbruksdrift og er viktig for å halde ved like kulturlandskapet.

- *Ei kulturhistorie for Rogaland* er supplert etter høyringa på bakgrunn av innspel. Mellom anna er det lagt til informasjon om sosiale forhold, kulturminne i sjø, jordbruks historie, urbanisering og rutebilhistorie.
- Handlingsprogrammet har fått ein endra struktur etter høyringa, og det er mellom anna lagt inn ei kolonne som skildrar kvart enkelt tiltak for enklare oppfølging, samt ei kolonne der fylkeskommunen sine kostnader for kvart tiltak er skissert.
- Det er lagt til enkelte nye tiltak i handlingsprogrammet på bakgrunn av innspel, mellom anna opprettning av kommuneantikvarar, og det er gjort endringar i formuleringar for å avgrense og tydeleggjere

Som forventa omtaler svært mange av høyringsuttalene oversikta over kulturmiljø av regional interesse. Det vert i hovudsak gitt tilslutning til utval, avgrensing og grunngjeving. Det har og kome mange forslag og ynskjer om at fleire kulturmiljø og kulturminne burde vore inkludert, og til utviding eller endring av grensene for dei miljøa som allereie er med. Det har i mindre grad kome innspel om å *ta ut* kulturmiljø av oversikta. Frå kommunane er det særleg Haugesund, Sokndal og Eigersund som føreslår mange endringar.

Endringane som fylkesdirektøren har gjort i oversikta over kulturmiljø av regional interesse, er lista opp i eit eige vedlegg. I same vedlegg er nye kulturmiljø som skal vurderast etter planvedtak lista opp. Detaljar er tilgjengelege gjennom Temakart-Rogaland.

Endringsforslag som er vurdert og som er tatt inn i planen no er:

- justeringar av avgrensing / markering på kart
- supplering, korrigering og presisering av tekst under skildring og grunngjeving for regional interesse
- nye forslag til kulturmiljø som allereie er forankra i kommunal plan og som fylkesdirektøren er kjent med frå før eller har hatt anledning til å vurdere før skrivefrist

Endringsforslag som vil bli vurdert og eventuelt innlemma etter planvedtak:

- forslag til nye kulturmiljø eller større endringar av kulturmiljø som allereie er med i oversikta, og som gjerne krever både nærmare vurdering, skildring og ny høyring

Endringar i oversikta over regionale interesser etter planvedtak

Oversikta over regionale interesser skal vere eit oppdatert og dynamisk verktøy. Difor skal oversikta kunne bli endra gjennom planperioden. Forslag til endringar skal sendast på høyring, for å sikre forankring, medverking og gode faglege grunnlag.

Det er fylkestinget som fatter endeleg vedtak.

Fylkesdirektøren vurderer at kontinuerleg oppfølging og revisjon vil vere meir tenleg for både fylkeskommunen, kommunane og andre som skal bruke oversikta, heller enn å venta til revisjon av heile planen.

Ved å legge til rette for revidering etter behov, vil det og vera mogleg å sikre samsvar mellom statlege, kommunale og fylkeskommunale oversikter og planer.

Fylkesdirektøren foreslår at mindre og redaksjonelle endringar, slik som redigering og supplering i skildringar og bilete kan gjerast administrativt.

Vesentlege endringar, til dømes endringar i verdivurderingar eller i råd om forvaltning, skal leggast fram for politisk behandling.

Framgangsmåte ved endringar i oversikta over kulturmiljø av regional interesse blir då slik:

1. Fylkesdirektøren vil kartlegge og vurdere kulturmiljø i tråd med plandokument og handlingsprogram. Fylkesdirektøren skildrar og verdivurderer og føreslår markering i kart i dialog med kommunane.
2. Fylkesutvalet fatter vedtak om å senda forslag til nye miljø eller større endringar ut på offentleg høyring
3. Kommunar, organisasjonar og andre interessentar får høve til å gje uttale til endringane
4. Fylkestinget vedtek endringane

I strategi 2c i handlingsprogrammet er det lista opp fleire tiltak som kan resultere i forslag om endring i kulturmiljøa, mellom anna i Sandnes kommune, arkeologiske kulturmiljø eller kulturmiljø i hei og fjell. Det kan påreknaast ein årleg revisjon av oversikta.

Forventa verknad av planen

Det er særleg tre tema som er gjennomgåande i *Regionalplan for kulturmiljø*, og der fylkesdirektøren forventar særleg verknad av planen: **Samarbeid, kunnskap og utvikling og bruk.**

Planen vil vere eit verktøy for regional forvaltning til å styrke arbeidet med kulturmiljøvern og legge til rette for betre samarbeid på tvers. Samarbeid mellom regional forvaltning, kommunar, stat, næringsliv, museum, eigarar, tradisjonshandverkarar, frivillige organisasjonar og andre aktørar er ein føresetnad og eit sentralt prinsipp for å nå måla i planen.

Fylkesdirektøren forventar at planen skal bidra til meir kunnskap om kulturmiljø hos fleire aktørar, slik at mellom anna:

- eigarar får tilgang til kunnskapen dei treng for å bevare eigne kulturminne
- kommunane får meir kunnskap om kulturmiljøvern
- forvaltninga får betre oversikt over kulturminne
- fleire handverkarar får kunnskap om tradisjonell byggeskikk og teknikkar.

Regionalplanen med vedlegg er i seg sjølv eit kunnskapsgrunnlag for framtida.

Fylkesdirektøren forventar at planen skal bidra til variert bruk av kulturmiljø i Rogaland. Kulturmiljø er ein ressurs for lokal samfunnsutvikling, for formidling og oppleving, for friluftsliv og næringsliv. Regionalplanen skal bidra til at kulturmiljø blir brukte og formidla av frivillige, kommunar, næringsliv, eigarar og andre aktørar. Her er det ei viktig offentleg oppgåve å legge til rette for at andre aktørar kan bruke kulturmiljø, og bidra til at denne bruken ikkje fører til for stor slitasje.

Konsekvensane av planen er vurderte på eit overordna nivå for miljø, samfunn og økonomi i kapittel 13 i plandokumentet. Det er fylkesdirektøren si vurdering at gjennomføring av planen vil bidra til ei meir berekraftig utvikling av samfunnet, noko som vil vere positivt for regionale, nasjonale og internasjonale miljø- og samfunnsmål. Samla sett blir dei positive verknadene av planen vurderte til å vege opp for dei negative verknadene.

Oppfølging av plan og økonomi

Regionalplanen er gjeldande frå 2023 til 2035, og mål og strategiar siktar mot 2035.

Handlingsprogrammet har i hovudsak forslag til spesifikke tiltak fram til 2026.

Handlingsprogrammet skal rullerast årleg, og i samband med det vil fylkesdirektøren rapportere på status og måloppnåing på eit overordna nivå.

Oppfølging og måloppnåing for *Regionalplan for kulturmiljø* er avhengig av oppfølging, prioritering og ressursbruk frå fleire aktørar. Fleire tiltak vil krevje samarbeid, forpliktande partnarskap og/eller samfinansiering frå fleire parter.

Mange av tiltaka i planen ligg innanfor kommunale ansvarsområde. Kommunane må sette av ressursar til å bevare kulturmiljø, og følgje opp det kommunale ansvaret på feltet. Enkelte tiltak vil krevje samfinansiering mellom fleire parter.

I handlingsprogrammet er det skissert kostnader for fylkeskommunen. Fylkestinget vedtok i sak om foreløpige driftsrammer 2023-2026, FT-sak 72/22, ei foreløpig auke av ramma på 3 mill. kroner frå 2024 til oppfølging av planen. I forslag til handlingsprogram er det foreslått nokre få kostnadskrevjande tiltak som binder opp store deler av dette beløpet framover, mellom anna bygningsvernrådgivingsteneste og en ny tilskotsordning, i tillegg til ei rekke tidsavgrensar eller mindre kostnadskrevjande tiltak.

2023 blir eit oppstartsår for gjennomføring av planen, med mykje forarbeid for ein del tiltak. I 2024 vil fleire større tiltak bli sette i gang, mellom anna ny tilskotsordning, fagleg program for arkeologi og reiselivssatsing knytt til vikingtid og kystkultur.

Det er i hovudsak lagt opp til gjennomføring av tiltak innanfor eksisterande ramme for 2024, med behov for ein auke i midlar frå 2025.

Behov for auke i den økonomiske ramma vil bli behandla i den ordinære budsjettprosessen.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Det har vore gjennomført ein omfattande medverknadsprosess med både kommunar, museum, frivillige organisasjoner og andre interessegrupper.

Fylkesdirektøren er godt nøgd med at mange aktørar har gitt uttale til planen, og at det blir brei tilslutning til planen.

Fylkesdirektøren er einige i dei fleste merknadane og forslaga om endring og tillegg, og meiner at det reviderte planforslaget vil gje betre forvaltning av kulturmiljø i Rogaland. Planen vil bidra til at kulturmiljø blir meir kjent og brukt for å skape attraktive lokalsamfunn i heile Rogaland.

Det er bra at mange aktørar, særleg kommunane, gjev tilbakemelding om at involveringa og medverkinga har vore god. Samtidig ynskjer enkelte aktørar ei sterkare involvering, dette tar fylkesdirektøren med seg i det vidare arbeidet.

Gjennomføring av handlingsprogrammet vil krevje medverking og samarbeid frå mange ulike aktørar, og difor er brei forankring særleg viktig dei neste åra.

Oversikta over regionale interesser skal vere eit dynamisk verktøy for forvaltning av kulturmiljøverdiar i heile Rogaland. 2023 og 2023 vil bli brukt til å skape gode rutinar for oppfølging av kulturmiljøa i planen og til å legge til nye kulturmiljø. Arbeidet med å vurdere nye kulturmiljø foreslått av kommunane og musea vil bidra til å etablere dette.

Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at *Regionalplan for kulturmiljø* med tilhøyrande dokument, blir vedteken.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.